

# Tilbake på vinnarsporet

Ålgård vart det fjerde laget av fem moglege til å tape for Volda i 1. divisjon. Men ny topoengar og 3. plass for det nyoppdyrkte laget betyr ikkje ein fornøgd trenar.

Å vinne er i ferd med å bli ein vane for Volda HK – også i 1. divisjon. Mot Ålgård på Jæren vart det 29–25-siger søndag ettermiddag. Trass i ein ny sterk topoengar, har trenar Haraldsson likevel ting å pirke på.

– Du veit korleis eg er, aldri heilt fornøgd. Etter 1. omgang var eg litt irritert. Vi datt ut av systemet og gjorde dei feila vi skulle passe på å unngå. Vi var for udisiplinerte i angrep, seier islendingen.

## Viste vinnarvilje

Volda var i føringa heile vegen, og til pause var stillinga 15–13 i favør bortelaget. Heimelaget lét ikkje Volda stikke av, og gjestane måtte kjempe for å halde heimelaget, med god støtte frå tribunen, bak seg på måltavla.

Ålgård var hurtigare i avtrekkaren i angrepsspelet enn analysen i forkant indikerte. Det var med på å gi Volda gode kontringsmogleg-



\* Volda-jentene tok ein ny, sterk siger i 1. divisjon. Her eit bilde frå den lange reisa til Jæren på kampdagen. Foto: Voldahandball.no.

heiter, som blant andre Pernille Ingebrigtsen nytta seg av utover i 2. omgang. På strek var Lone Vik knallsterk og vart Voldas toppskårar saman med Ingebrigtsen med sju mål. Samtidig stod Volda betre i forsvar i andre halvdel av kam-

pen.

– Eg synest vi spelte mykje betre i 2. omgang, og det same gjorde Ålgård. Ved eit par-tre høve hadde vi sjansen til å stikke av og vinne med ti mål, men Ålgård kom heile tida tilbake, seier Haraldsson. Åtte minutt før slutt hadde Volda ei femmålsleiing, men igjen ålte Ålgård seg innpå, til 23–25. Men Volda heldt ut – som vanleg.

## Sluttkontroll

– Er sigeren nok eit bevis på mental styrke i laget?

– Vi har vunne jamne kampar i meir enn eitt år. Men eg veit ikkje om vi er mentalt sterke, eller berre trur vi er det. Uansett har vi trua på å vinne når vi kjem inn i sluttminutta, og det er sjølvsagt viktig, seier Haraldsson frå bussen frå Vigra seint søndag kveld. Dagsreisa byrja kl. 6.30 frå Volda.

– Det var ein lang dag, ei tøff reise, ei vanskeleg bortebane og ein god motstandar. To poeng er eg veldig fornøgd med. Eg trur vi hadde størst vinnarvilje i dag,

seier han.

Desse spelte for Volda (mål i parentes): Hilde Søyseth, Auria Ann Ose (2), Kine Kvalsund, Fride H. Stølen, Ingrid J. Rye, Marte L. Nornes (6), Hanna Ræstad (1), Pernille H. Ingebrigtsen (7), Elin U. Sætre (1), Lone Vik (7), Maria Ulla (2), Thea Imani Sturludottir (1) og Aleksandra Zimny (2).

## Møter topp tre-kandidat

Volda står etter kampen mot Ålgård med 8 poeng på fem kampar. Det gir tredje plass, bak Sola og Aker. Søndag er 4.-plasserte Follo motstandar i Voldahallen, eit lag Volda-trenaren trur vil ende blant dei tre beste.

– Vi vert nok rekna som underdogs i den kampen. Men likevel, med starten vi har fått har vi lyst å slå eit lag som er noko under Sola i nivå. Vi går for å vinne, men det vert ei ekstremt tøff oppgåve, varslar trenaren for ein godt sliten gjeng som altså kan smykke seg med ein kanonstart på sesongen etter opprykket i vår.

JAN ÅGE SUNDNES



\* Trenar Halldor Stefan Haraldsson er godt fornøgd med poenga, men berre halvvegs tilfreds med prestasjonen mot Ålgård.

# Regnvått ridestemme

Førre søndag arrangerte Volda rideklubb internt klubbstemne i sprangriding, med egne klasser for juniormedlemmar.

Dei færreste av juniormedlemmane i klubben har eigen hest, så klubben sine medlemmar stilte med hestar til utlån til desse. Det vart konkurrert i klasser frå 20 til 90 cm, i tillegg til gymkhana

(leik til hest). Gymkhanaen samla ni deltakarar, medan åtte tok del i den lågaste sprangklassa. Der var det lov med leiar. Dei høgare klassene samla meir erfarne ryttrarar, og det vart ridd mange feilfrie rundar som vart påskjøna med sløyfer og applaus. Det var både regn og vind under stemnet, men alle deltakarane og publikum tok dette med godt humør.

VRK



\* Det var både regn og vind under stemnet.



\* Det vart ridd mange feilfrie rundar som vart påskjøna med sløyfer og applaus

## Positive forsøk med sagflis som kufôr

NPK: Kyr er ikkje framande for å eta sagflis dersom det skulle skorta på anna grovfôr som gras og halm, viser forsøk.

Forskarar ved Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet på Ås, har nyleg prøvd ut den alternative menyen på seks mjølkekyr, fortel forskning.no. I forsøket fekk kyrne servert sagflis saman med kraftfôr av pellets med høgt energi- og proteininnhald.

Mengda med sagflis blei auka litt etter litt, og det tok ikkje lang tid før kyrne fekk smaken på den nye maten.

– Då kua etter nokre dagar blei vand med å eta sagflisa, gjekk det heilt fantastisk, seier forskar Odd Magne Harstad.

Forskarane peikar på at grovfôr er viktig for fordøyelsen til kyrne, og dei ville sjå nærmare på om sagflis kan vera ei løysing dersom det blir mangel på andre typar grovfôr som gras og halm.

Røynslene frå forsøket er positive. Forskarane såg ingen negative effektar verken på kor mykje mjølk kyrne produserte eller kvaliteten på mjølka.

Det blir likevel peikt på at forsøket varte for kort til å kunna kallast eit vitenskapleg forsøk, og at ein difor må vera varsam med å tolka resultatane. (©NPK)

## Auka snøskredfare på Vestlandet

NPK-NTB: Snøskredvarslinga ventar snøskred i fjellet på Vestlandet frå måndag kveld og fram til tysdag morgon.

Snøskredfaren er størst i område som får mykje nysnø i Rogaland og Hordaland, melder varslingsstenesta var-som.no.

Over 1.200 meter kan det komme opp mot 50 centimeter nysnø i dei to fylka. Kombinert med kraftig vestleg vind kan dette gi skredfare. I litt lågare strøk kjem temperaturen til å stige natt til tysdag, slik at nedbøren går over til regn. Regn på snø gir fare for våte snøskred.

Frå 1. desember legg nettsida ut daglege snøskredvarsel. Men dei følgjer med også før den tid og sender ut varsel om snøskredfaren skulle auke til faregrad 4 eller 5. I tillegg kjem dei med rapportar om store snøfall. (©NPK)

## ANNONSEFRISTAR

Tysdagsavisa:  
Fredag kl. 14

Torsdagsavisa:  
Tysdag kl. 14

Laurdagsavisa:  
Torsdag kl. 14